



# VOSS KOMMUNE

## Kommunalavdeling for pedagogiske tenester

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
07/960 - 21050/08	PED	EBK	A20 &00		29.12.2008

### HØYRING OM ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA

Vi viser til dykkar brev av 4.11.2008 der endringar i m.a. lov av 17. juli 1998 nr 61 om m.a. grunnskulen er sendt på høyring.

Voss kommune vil koma med følgjande merknader til endringsframlegga/høyringsnotatet:

#### **Til pkt 2 "Forslag om å lovfeste plikt til forsterket opplæring i norsk/samisk og matematikk på 1. – 4. årstrinn."**

Voss kommune ser positivt på å satsa på tidleg innsats for å auke alle elevar sine dugleikar i lesing og rekning. Ei auka satsing på lærartettleik dei første åra er viktig for å få ein god start., særleg for dei som slit. Nasjonale kartleggingsverktøy gir oss gode verktøy for å fange opp elevar som treng ekstra innsats.

Finansieringa skjer ved å flytte midlar frå læremiddel til løn, men i slunkne kommunekasser hadde ein framleis trong for dei kronene vi hadde til læremiddel! Dette tiltaket burde vore fullfinansiert i rammeoverføringa.

#### **Til pkt 4 "Forslag om å lovfeste plikt til å utarbeide årlig rapport om tilstanden innenfor grunnopplæring"**

Voss kommune støttar at det blir stilt krav til rapportering, viktigast her er at rapporten går til kommunestyret. Det vil gi grunnlag for at skule blir sett på dagsorden i kommunestyret. Dette er informasjon som lokalpolitikarar **må** få tilgang til slik at dei kan gjere dei rette vedtak for å sikre alle ei god, likeverdig opplæring. Lokalt må ein også ha ambisjonar om å leggje forholda til rette for eit godt utdanningssystem for alle til gang for den einskilde og samfunnet.

#### **Til pkt 7 "Forslag om å lovfeste rett og plikt til fysisk aktivitet i grunnskoleopplæring"**

Voss kommune støttar tiltaket, men finn det underleg at eit lovendring må til for å få det til. Voss kommune ønskjer ikkje at tiltaket skal knytast til 5.-7. årssteg åleine. Vi støttar at tiltaket er viktig for dei eldste, men samtidig bind dette skuleeigar og skulane unødig med tanke på organisering av skuleskyss og skuledagen som fort kan gi høge kostnader for kommunane. For å få plass til fysisk aktivitet, må obligatorisk skuletid utvidast og meir tilsyn/aktivisering må innarbeidast i skuledagen.

Vi har merka oss at dette ikkje skal vera opplæring, men fysisk aktivitet for aktiviteten si skuld. Med bakgrunn i forskning som viser kva fysisk aktivitet har å seie for læring, så støttar vi det.

---

Adr.: Uttrågt. 9	Telefon:	E-postadr.: postmottak@voss.kommune.no	Bankgiro:	Foretaksnr.
Postboks 145	Sentralbord 5651 9400	Nett-adr.: www.voss.kommune.no	8200 06 90100	960 510 542
5701 VOSS	Saksbeh. 5651 9543			
	Telefaks: 5651 9651			

Når det gjeld kva for yrkesgrupper som skal utføre arbeidet må ein fleksibelt kunna finne lokale løysingar. Voss kommune har ikkje merknader til at dette blir definert som noko anna enn opplæring/undervisningstid. Det vil vera ei utfordring å få rett personale til rett oppgåve, særleg for små skular. I Voss kommune er 9 av 14 barnestegskular fådelte.

**Andre punkt i høyringsnotat:**

Voss kommune har ikkje merknader til dei andre punkta i høyringsbrevet.

Med helsing

Else Berit Kyte  
kommunalsjef

Vedlegg:

Kopi til: Fylkesmannen i Hordaland Utdanningsavdelinga, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Utval for levekår v/ leiar  
SU i grunnskulane